

---

**Fra:** Tonje Nepstad Epland  
**Sendt:** mandag 27. august 2018 11.26  
**Til:** 'a.sylta@online.no'  
**Emne:** Rullering av kommuneplan - oppfølging av innspel frå 2015 og 2017 - orientering om prosess

Hei

Dykkar e-post av 24.08.18.

Kommuneplanarbeidet er ei ope prosess der alle innspel vert handsama samla og som del av eit større arbeid. Kvart einskilde innspel vert ikkje handsama med eiga vedtak/svar. Dykkar innspel har i tillegg kome allereie til oppstartsvarsel (før sjølve planen er lagt ut til høyring og offentleg ettersyn) og må difor vente til planarbeidet har kome i den fasen der kommunen tek stilling til innspela.

I kommuneplanarbeidet er publikum sin informasjonskanal først og fremst kommunen si heimeside og annonser i lokal media i samband med høyring/offentleg ettersyn og kunngjering. Publikum vil vidare ha innsyn i arbeidet underveis gjennom sakspapir til politiske møter.

Formannskapet skal ha arbeidsmøte 4. september der mellom anna dykkar innspel er tema. Sakspapira for dette møtet vil vere tilgjengeleg seinast i morgen. Vidare skal formannskapet i møte 4. oktober og kommunestyret i møte 18. oktober gjere vedtak om høyring og offentleg ettersyn. Etter møtet i kommunestyret vil det kome informasjon på kommunen si heimeside og i lokale media om tilgang til plandokumenta og høyringsfristar (6 veker). Sakspapira vil vere tilgjengeleg på nett ca. 1 veka før møtet.

Der er i høyringsperioda, etter kommunestyret sitt vedtak 18. oktober, dei arealfaglege innspela til planen eigentleg skal kome. Når høyringsfrista er ute vil formannskapet få alle innspela til handsaming, og må ta stilling kva innspel som skal takast med i det vidare planarbeidet. Dette vil først skje på nyåret.

Helsing  
Tonje Nepstad Epland  
Leiar teknisk forvaltning

**Radøy kommune**  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger  
Tlf.dir: 56 34 90 50  
E-post: [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no)

